



ÅRSMELDING STRANDA HAMNEVESEN KF 2024

Foretaksnummer: 887 933 782



FORETAKET SITT FORMÅL:

Foretaket sitt formål er å stå for utvikling, utbygging, vedlikehald og drift av offentlige hamnefunksjonar i Stranda Kommune. Styret skal legge fram eiga årsmelding jf. Kommunelova sin § 9-8.

Kontoradresse: Geirangervegen 2, 6216 Geiranger

Postadresse: Øyna 13, 6200 Stranda

Styret for perioden 2024 – 2027 er:

Styremedlem	Funksjon
Per Erik Dalen	Styreleiar
Stein Lystad	Nestleiar
Anne Berit Tryggestad	Medlem
Gro Anita Sve	Medlem
Randi Sæter	Medlem
Ole Jørgen Sve	Medlem
Tor Waaler	Medlem
Varamedlemmer	
Øystein Strand	varamedlem
Inger Abelsen	varamedlem
Torill Ansnes	varamedlem
Joachim Langlo	varamedlem
Jan Ove Tryggestad	varamedlem

Lover (grunnleggande) og vedtekter opplyser om styret i Stranda hamnevesen KF sitt ansvar

Det følgjer av vedtekter for Stranda hamnevesen KF at:

“Stranda hamnevesen KF har som formål å stå for planlegging, utbygging og drift av offentlige hamnefunksjonar i Stranda Kommune, i tillegg til å utføre kommunal hamnemynde i medhold av Lov om havner og farvann, jf. LOV-2019-06-21-70.”

Styrande er Kommunelova sitt kap. 9 om kommunal og fylkeskommunale foretak, i tillegg til Lov om havner og farvann, jf. LOV-2019-06-21-70.”

Forhold som er viktige for å vurdere situasjonen og stillinga til foretaket:

Stranda hamnevesen KF skal vere proaktive og arbeide med avklaringar og ulike prosjekt. Foretaket sin strategi vert reflektert i krav og forventingar både frå eigar, styresmakter, marknad ein operer i og innbyggjarane i Stranda kommune.

Stranda hamnevesen KF skal tenkje nytt, innovativt og skape løysningar som er tilpassa framtida og strenge miljøkrav. På same tid skal vi bidra til å skape nok aktivitet for å støtte opp under ei god utvikling for næringslivet i Stranda, og for å sikre arbeidsplassar og busetning.

Med bakgrunn i dette samfunnsansvar, har vi jobba med, og vedteke å bygge ein komplett og berekraftig hamne - og kaiinfrastruktur med fokus på drift av fartøy med null utslepp.

Konklusjon og valgt strategi for 2024 er:

- ✓ **Fjordnettverket.** Dette er eit velfungerande logistikksystem for transport av gjester både på sjø og veg. Formålet er å levere den aller beste kvalitet for gjestane som ynskjer å oppleve Geirangerfjorden
- ✓ **Ny kaiinfrastruktur for mindre passasjerbåtar på alle lokasjonar.** Frå 1.1 2026 er det krav til null utslepp for alle fartøy under 10 000 bto. Det betyr eit stort behov for ny og endra kaiinfrastruktur/ flytekaier og ladeinfrastruktur å legge til rette for passasjerbåtar som har behov for både kaiplass og lading.
- ✓ **Overta og drifte eksisterande Hellesylt ferjekai.** Stranda hamnevesen KF ynskjer å koordinere bruken av kaiplassar i vårt sjøområde, samt sørge for logistikk og distribusjon av passasjerar som vil sjå Geirangerfjorden. Vi treng betydelig større kapasitet til mindre passasjerbåtar og ferjer. Dersom der vert bygt ny ferjekai kan vi i tillegg bruke eksisterande ferjekai til passasjerbåtar.
- ✓ **Hellesylt kaihus.** Stranda hamnevesen KF har ein ambisjon om å utvikle Hellesylt til å bli ein av dei beste destinasjonane, men vi må også gje gjestane ein grunn til å stoppe i Hellesylt. Her vil kaihuset bli eit ypperlig samlings- og formidlingspunkt, terminal mm. Difor er viktig at kommunen v/ Stranda hamnevesen KF som nøytral part, fortsatt eig dette bygget.
- ✓ **Oppgradering av Stranda.** Ein ambisjonen om utvikling gjeld også for Stranda. Vi skal bidra til at dei besøkande vil stoppe og oppleve Stranda. Difor er det vedtatt å få Stranda godkjent for mottak av internasjonale cruiseanløp, etablere Stranda tenderkai - og fortsetje samarbeidet med lokale investorar for å etablere Stranda cruise kai.

Vårt fokus på miljø i 2024 og i 2025 er:

- ✓ vi bygg nye moderne flyte- og kjellarkaier i Geiranger, Hellesylt og Stranda med mulighet for lading av fartøy under 10 000 bto med nullutslepp
- ✓ vi arbeider med å få ladestraum og landstraum til fartøy under 10 000 bto
- ✓ vi tilbyr 60 % rabatt til fartøy som kan dokumentere null utslepp
- ✓ vi gjev lavare pris til fartøy som har lite eller ingen utslepp til luft basert på EPI måling
- ✓ vi har streng styring på antal passasjerar pr. dag om bord som er maks 6000. I snitt betyr dette at ca. 3600 går i land i Hellesylt/ Geiranger per anløp.
- ✓ vi har etablert eige mottak av kloakk
- ✓ vi har engasjert oss i ei rekke prosjekt der miljø er i fokus
- ✓ vi er i 2024 miljøfyrtårnsertifisert

I 2024 har vi hatt eit driftsår med god trafikk, men på tross av eit godt resultat så har styret utsett investeringar også i 2024. Dette er i påvente av ei løysning på vedtaket om nullutslepp i verdsarvfjordane.

Med bakgrunn i eit stort omstillingsbehov som omfattar store investeringar fram i tid, så har styret og administrasjon hatt stram styring på økonomi og bemanning.

- ✓ Styret har gjennom budsjettåret lagt fram rapportar for kommunestyret som syner utviklinga i inntekter og kostnader
- ✓ Styret har i tillegg vore ekstra påpasselig med å orientere eigar om foretaket sin strategi.
- ✓ Styret har i alle styremøter gjort fortløpande evaluering av drifta i foretaket
- ✓ Styret rapporterer til kommunestyret.

Foretaket mottok ikkje skjønnsmidlar, kompensasjonsmidlar eller andre overføringer frå stat og kommune.

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapsplanen er utarbeidd i medhold av Kommunelov (LOV-2018-06-22-83) og ny forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning, (FOR-2019-06-07-714), gjeldande frå 1.1.2020. "Kommunal rekneskapskikk" (KRS) gir standardar for korleis rekneskapsplanen skal innrettast.

Stranda hamnevesen har ekstern rekneskapsfører og rapportar både i medhald til reglar om kommunerekneskap og bedriftsøkonomisk rekneskap fordelt pr. avdeling Stranda, Hellesylt og Geiranger.

Endring i rammevilkåra frå 2025/2026 som kan utgjere ein driftsmessig risiko for hamnevesenet

Miljøreguleringar

1. Strengare krav til utslepp luft (Nivå-III) vert innført frå 1.1.2025. Dette betyr likevel at vi får dei beste og reinaste skipa til vårt sjøområde. Nivå-III vil i praksis bety at vi i 2025 vil kunne ta imot 60 til 70% av dagens flåte. Frå 2026, når rederia har fått tid til å endre seglingsplaner, ser vi det som mulig at trafikken vil ta seg opp igjen til 2024 nivå.
2. Nullutslepp vert innført frå 1. januar 2026 for passasjerskip med bruttotonnasje under 10.000.
3. Nullutslepp vert innført frå 1. januar 2032 for passasjerskip med bruttotonnasje 10.000 eller meir. Regelen ikkje er klar og vi veit ikkje per i dag alle konsekvensane frå 1.1 2026.

Stranda hamnevesen KF er miljøfyrtårnsertifisert og har, noko som er ein del av prosessen med sertifisering, implementert ei rekke tiltak for å redusere miljøavtrykket. Dette gjeld all kai-infrastruktur, bygg og kontor som vi har ansvar for, og som er ein del av prosessen med sertifisering. Sertifiseringa omfattar blant anna strenge miljøreguleringar, måling av utslepp til luft, kontroll på og mottak av septik/ gråvatn, reduksjon av avfall, redusert reiseverksemd og så langt det let seg gjere og bruk av miljøvenleg materiale.

Kapitalstrategi

Stranda hamnevesen KF sin kapitalstrategi dei siste åra har vore å byggje opp ein eigenkapital og likviditet for å kunne:

- ✓ tåle eit bortfall av inntekter dersom eit vedtak om nullutslepp vart innført
- ✓ og tåle kostbare tiltak for omstilling utan ytterligare låneopptak

Det har også vore ei overordna målsetjing at Stranda hamnevesen KF ikkje skal kome i ein situasjon der ein belastar kommuneøkonomien. Med ei god drift har ein greidd dette, og har i 2024 betalt eit eigaruttak til Stranda kommune, stort kr 12 mill. Dette har ein kunne ha gjort innanfor dei strenge rammene i Havne- og farvannsloven, jf. § 32, tredje ledd som regulerer utdeling av verdiar frå den kommunale hamneverksemda.

«Det kan deles ut verdier fra den kommunale havnevirksomheten dersom det er avsatt tilstrekkelige midler til drift og vedlikehold av havn, samt midler til investeringer som er direkte knyttet til tjenesteyting rettet mot fartøy, gods- og passasjerhåndtering. Som utdeling regnes enhver overføring av verdier som direkte eller indirekte kommer eieren til gode.

Uttak av overskudd eller annen utdeling av midler fra kommunal havnevirksomhet organisert som aksjeselskap, interkommunalt selskap eller kommunalt foretak kan bare besluttes av virksomhetens eierorgan etter forslag fra styret.»

Forutsetninga er altså at det må vere sett av tilstrekkeleg midlar til investeringar, drift og vedlikehald. Ei slik vurdering må gjerast kvart år når årsrekneskapet er ferdig revidert.

Det er viktig at Stranda hamnevesen KF på sikt kan bygge opp igjen nødvendig hamnekapital for å kunne foreta nødvendige investeringar med bakgrunn i vedtak om nullutslepp for cruiseskip, som er **endelig frå 1.1 2032.**

Vesentlige avvik frå vedtak i kommunestyret som gjeld budsjetttramme og oppsummering av investeringar pr. 31.12 2024:

Det er i juli 2024, på bakgrunn av vedtak i kommunestyret og styret i selskapet, betalt eit eigaruttak lik kr 12 millioner til Stranda kommune. Dette er i rekneskapen for 2024 ført mot disposisjonsfondet.

Årsrekneskapet for 2024, som er avlagt etter **rekneskapslova og norsk god rekneskapsskikk**, viser eit positivt resultat lik **kr 29 497 071,-** då eigaruttak/ utbytte vert ført direkte mot balansen og reduserer med dette eigenkapitalen

Årsrekneskap for 2024, avlagt i samsvar med **god kommunal rekneskapsskikk (kommunerekneskap)**, viser eit positivt netto driftsresultat lik ~~kr 16 65 217~~ fordi eigaruttak/utbytte er ført som ein kostnad i resultatrekneskapet.

lik kr 16 653 217

Når det gjeld drift i Stranda hamnevesen KF, kan vi vise til ei god inntekt og eit godt resultat fordi:

- ✓ Den svake norske krona gjorde det attraktivt å reise på ferie til norske fjordar med cruiseskip
- ✓ Større skip og meir bruttotonnasje
- ✓ Det er fleire og større skip som nyttar seg av Hellesylt cruisekai enn først innmeldt
- ✓ Det er auke i antal passasjerar om bord i cruiseskip enn først innmeldt
- ✓ Med bakgrunn i EPI (måling av utslepp til luft) så er snitt passasjervederlag høgare.
- ✓ Det er auke i antal passasjerar med mindre passasjerfartøy og RIB
- ✓ Det er færre anløp til Seawalk og med det mindre leigekostnad til Seawalk Geiranger AS
- ✓ Lavere kostnader spesielt til vedlikehald, i påvente av svar på løysning på vedtaket om nullutslepp som kom så seint som i august 2024.
- ✓ Vi har hatt stram styring på økonomi og kontinuerlig evaluering av drift

Som ei følgje av at vedlikehold og investeringar vart sett «på vent» i samband med kravet om nullutslepp i verdsarvfjordane, så er det no eit etterslep på vedlikehold og oppgradering som:

- ✓ oppgradering av trekaia på Stranda
- ✓ nye fenderlister i Geiranger
- ✓ vurdering av, og arbeid med grunnforholda rundt Hellesylt cruise kai.

Av investeringar så nemner vi særskilt ny 200 bto pullert på Hellesylt og ny kai-infrastruktur på Hellesylt, Stranda og i Geiranger. Dette er lagt inn i budsjett for 2025.

Det har i 2024 vore leigd inn ekstra kapasitet til blant anna til vaktmesterooppgåver, reinhold/ slått, gartner og nødvendig vedlikehold på alle tre lokasjonar, men spesielt i Geiranger og på Hellesylt.

Tross betydelige eigne investeringar i 2025 og krav i Havne- og farvannsloven sin § 32 – så meiner styret i Stranda hamnevesen KF at det er grunnlag for å foreslå eit eigaruttak lik kr 10 millioner i 2025, jf. sak 157/24 i kommunestyret den 18.12 2024.

Cruisetrafikken

Det er i 2024 er det registrert totalt 176 anløp med cruiseskip. Fordelt på:

- ✓ Geiranger med 370 700 passasjerer
- ✓ Hellesylt med 127 700 passasjerer

Hellesylt har hatt ei betydelig auke både i antal anløp og i antal personar.

Anna trafikk	2022	2023	2024
Kystruten(juni-august)	Ca 5500	Ca 11 000	Ca 1640
Ferje Hellesylt-Geiranger (mars-desember)	Ikkje tal festa	Ikkje tal festa	Ca 270 000
RIB, Sightseeing, mindre passasjerbåtar (februar-desember)	Ca 95 000	Ca 136 000	Ca 160 000

Årsaka til denne endringa er strenge miljøreguleringar og innføring av nivå II-krav, jf. MARPOL regel VI/13, frå 1. januar 2022. Dette førte til at nokre skip ikkje får anløpe i vårt sjøområde og bruker nærliggande hamner for å sende passasjerar inn i fjordsystemet med mindre passasjerbåtar – og bussar. Tilsvarande vil skje ved innføring av nivå III-krav, jf. MARPOL regel VI/13, frå 1. januar 2025.

Det er svært mange besøkande som kjem med buss og bil som tek turen på fjorden. Alle passasjerar som bruker vår kaiinfrastruktur til av- og påstigning, betaler eit passasjervederlag.

I Geiranger har Stranda hamnevesen KF plassert teljekamera på cruiseterminalen og har registrert alle personar som har gått av og på cruiseskipa via Seawalk. Passasjerar og mannskap som har gått på land via tenderbåtar er ikkje tatt med i teljinga. Teljinga inkluderer gjester og mannskap som ikkje nødvendigvis reiser på utflukter.

Vi gjer oppmerksom på at all informasjon vi har samla, er så oppdatert som det er mulig å få på noverande tidspunkt – men viser oss likevel det tilnærma totale bildet. Vi har registrert eit betydelig antal cruisebussar i omløp i området Stranda, Hellesylt, Olden, Nordfjordeid og Geiranger. Svært mange bussar kjem frå Olden og Nordfjordeid inn til Geiranger. Ca. 70 % av bussane går til Hellesylt og sender passasjerar med passasjerbåt/ ferje inn til Geiranger. Den mest populære utflukta frå cruiseskip er utan tvil til Dalsnibba. Når det er cruiseanløp ved Hellesylt cruisekai kan det sjå ut som ca. 10 – 15 % av desse gjestane kjem til Geiranger i ein kombinasjon med buss og passasjerbåt. Ca. 35 % av cruise gjestane kjøper utflukter og aktivitetar via rederiet og nasjonale utfluktsarrangører.

Det er svært mange som kjøper turar og aktivitetar når dei er i Geiranger og/ eller i Hellesylt, men dette er tal som vi dessverre ikkje har tilgang til.

Stranda hamnevesen KF skal fortsetje å samle inn faktainformasjon med utgangspunkt i moderne teknologi som til dømes AI-teknologi.

Økonomiske utvikling og stilling som tek omsyn til økonomisk handleevne over tid:

Det er eit grunnleggjande og lovfesta krav at kommuner og kommunale foretak skal ivareta den økonomiske handleevna over tid.

Stranda hamnevesen har utarbeidd eit budsjett og økonomiplan for ein periode på 4 år for å sikre at ein har full oversikt over alle økonomiske forhold. I tillegg har vi løpande prognoser på inntekter og kostnader ut i frå dei utsiktene som ligg i marknaden. På same måte vert budsjett på vedlikehold og investeringar gått igjennom. Dette er grunnlaget for budsjett for neste år, økonomiplan for dei neste tre åra og ei vurdering av eit eigaruttak jf. Havne- og Farvannsloven sin § 32.

I 2024 vedtok styret og kommunestyret eit investeringsbudsjett for foretaket i 2025 på ca kr 65 million. Dette har vore ein viktig del av strategidiskusjonen i styret i 2024. Stranda hamnevesen KF, har ansvar for kommunal kaiinfrastruktur og drift av desse. Vi har i 2024 starta ein anbudsprosess i samsvar med regelverk for offentleg anskaffelse når det gjeld innkjøp og etablering av nye flytekaier i Geiranger, Hellesylt og på Stranda.

Det er inngått ei avtale om utleige av areal til operatør av ladeutstyr, som ynskjer å levere ladetenester, etter at det er gjort ei avklaring frå LINJA som gjeld straumforsyning til Geiranger. Det er i tillegg starta eit arbeid som gjeld utgreiing av straum på Hellesylt.

Vi skal fortsetje å jobbe med tiltak som ligg innanfor foretaket sitt formål for i størst mulig grad hindre negative samfunnsmessige konsekvensar. Det er behov for eit velfungerande logistikkssystem for transport av gjester både sjø og veg. Difor prioriterer vi arbeidet med Fjordnettverket som skal bidra til ei berekraftig næringsutvikling i Stranda kommune. God inntening er ei forutsetning for at Stranda hamnevesen kan vere i forkant og gjere nødvendige investeringar på miljø så tidlig som mulig. Det er stor usikkerhet med omsyn til kva som skjer i 2025 og i åra framover. Vi må fortsetje å ha stor oppmerksomhet på global uro, samt miljø- og klimautfordringar som kan ramme reiselivsnæringa og med det ha store konsekvensar for oss.

Rekneskap 2024	31.12.2024	01.01.2024	Endring 2024
Langsiktig gjeld	58 676 689	61 532 155	-2 855 466
Pensjonsmidlar	4 151 321	3 774 388	376 933

	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	
Driftsinntekter	55 162 834	52 390 137	2 772 679

Rekneskap 2024	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	
Investeringsutgifter	905 660	0	905 660

Stranda hamnevesen KF har betalt renter og avdrag fullt ut på all lånegjeld.

Klassifisering av anleggsmidler og omløpsmidlar

I balanserekneskapan er anleggsmidler eigendelar bestemt til varig eige eller bruk. Andre eigendelar er omløpsmidlar. Fordringar knytt til eigen tenesteproduksjon og bankinnskotmarknadsbaserte er definert som omløpsmidlar.

Ein gjennomgang av anleggsregister vert gjort kvart år for å ha forståing og informasjon om kva verdi som kan aktiverast i det enkelte prosjekt. Stranda hamnevesen er varsam med å ha bokført eigedelar som ikkje er direkte verdiskapande, eller har ein openbar marknadsverdi som er lik bokført verdi.

Tiltak som er sett i verk, og planlagt for å sikre ein høg etisk standard:

Kommunestyret gjorde i sak KOM 070/15 vedtak om etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Stranda kommune. Dei tilsette i det kommunale foretaket er underlagt dei same retningslinjene som elles i kommunen.

Dette gjeld også prosedyrer utarbeidd for innkjøpsprosessane sett opp mot innkjøpsregelverket jf. Forvaltningslova sin § 6.

Styret har i 2024 hatt fleire møter med ordførar og kommunedirektør, samt orientert kommunestyret. Styret har evaluert hamnesjef sitt arbeid. Årsplan for 2024 er fulgt i samband med saker til styret og rapportering. Hamnesjef rapporterer direkte til styret, styreleiar er næraste overordna og styret har roller og ansvar på lik linje med eit styre i eit aksjeselskap.

Kjønnslikestilling og arbeidsgjevar si aktivitetsplikt:

Hamnesjef (kvinne) er tilsett i 100 % stilling. Administrasjonsmedarbeider (kvinne) er midlertidig tilsett i 30 % stilling.

Det har ikkje vore yrkesrelatert sjukefråver i 2024.

Stranda hamnevesen KF har inngått driftsavtale i 2023 med eit lokalt driftsselskap, Bonseye AS som har adresse Hellesylt. Stranda hamnevesen har nytta seg av opsjon og kontraktperioden med driftsselskapet er forlenga t.o.m. 31.12 2025. Tenesta skal dekkje oppdragsgjevar sitt behov for drift av Geiranger cruiseterminal og Hellesylt cruise kai som tek i mot internasjonale skip. På Stranda omfattar avtalen oppgåver som vedlikehald og tilsyn.

Måloppnåing og mål for det vidare arbeidet i foretaket:

Styret og administrasjon har konkludert med at turistane vil oppleve Geirangerfjorden og at Stranda hamnevesen KF kontinuerlig skal arbeide med å:

- ✓ Skape vekst og utvikling innan vårt ansvarsområde
- ✓ Legge til rette for mottak av mindre og utsleppsfrie fartøy ved alle kailokasjonar i sjøområdet – og som også omfattar nye anlegg for ilandstigning
- ✓ Ha ein framtidsretta miljøprofil og miljøstyring basert på fakta
- ✓ Legge til rette for mottak av nye miljøvennlige og utsleppsfrie cruise- og passasjerfartøy i sjøområdet også etter 1.1 2026

- ✓ Vere ein tydeleg samfunnsaktør og bidra i arbeid med konsekvensutgreiing og tiltak som gjeld hamnestruktur i Stranda kommune
- ✓ Bidra i utvikling av nye forretningsgrunnlag med bakgrunn i nye miljøkrav og endringar i cruisetrafikken
- ✓ Bidra i arbeidet med kartlegging og analyser av straumforsyning og ulike energiberarar i området (sjø og land) for å dekke foretaket sitt behov fram i tid
- ✓ Sørge for god økonomistyring og lønsemd

Verksemda sine mål og andre ikkje-økonomiske forhold som har vesentlig betydning for foretaket og eigar. Usikkerhet og mulige endringar som er utanfor vår styring er:

- ✓ Global uro i verden, krig, terror og klima som kan stanse cruisetrafikken
- ✓ Nye rammevilkår for cruisetrafikk i Norge og særnorske miljøkrav for skip som opererer globalt
- ✓ Almenngjering av løn om bord i cruiseskip
- ✓ Områdevern og samferdselstiltak
- ✓ Det grønne skiftet, miljøkrav og krav om nullutslepp
- ✓ Teknologisk utvikling, tekniske løysningar og kunden si evne til omstilling
- ✓ Politiske vedtak nasjonalt og lokalt

Drifta i verksemda forureinar det ytre miljø i svært liten grad.

Geiranger cruiseterminal og Hellesylt cruise kai er regodkjent for 5 nye år i samband med mottak av internasjonal trafikk. Alle pålagde ISPS øvelsar og revisjon er utført og registrert i SafeSeaNet. Stranda hamnevesen KF har delteke på cruisemøter og gjennomført digitale rederimøter. Vi har starta arbeidet med å få Stranda tenderkai godkjent for mottak av internasjonal trafikk i 2025.

Environmental Port Index (EPI) er eit viktig verktøy og metode for å måle utslepp til luft når skip ligg til kai eller er oppankra. Det er DNV som overvåker dette systemet og gjeld kun for cruiseskip. I 2024 var reduksjon i utslepp til luft på ca. 58 %. Det vert pr. i dag **ikkje** målt utslepp til luft frå mindre passasjerfartøy, Kystruten, ferjer og lastebåtar.

Stranda hamnevesen har gjennom miljøforskrifta sine nivå-II og nivå-III krav (utslepp til luft), dei strengaste miljøreguleringane i Norge. I tillegg til dette er det innført ei grense på ca. 6000 passasjerar pr. dag om bord i cruiseskip i Geiranger. Grensa er overholdt, med unntak av 5 dagar i perioden april – oktober der vi har teke i mot mellom 200 og 700 passasjerar meir enn anbefalt.

I Hellesylt er det kun mulig å ta i mot eitt skip til kai pr. gong/ anløp.

Stranda hamnevesen KF premierer rederi og fartøy som tek investeringane for å vere leiande på klimateknologi og nullutslepp. Vi gjev ein miljøbonus på 60 % for fartøy som kan dokumentere nullutslepp for heile seglingsperioden i Stranda kommune sitt sjøområde. Det er foreløpig **kun ein RIB aktør** som har gjort krav på denne bonusen.

Det er oppretta eit midlertidig mottaksanlegg i Geiranger og i Hellesylt for å unngå utslepp av avfall i sjø. Ordninga har fungert greitt der passasjerfartøy, og delvis ferjene, har nytta seg av tilbodet, som igjen er basert på sjølvkostprinsippet. Kravet for utslepp er no avgrensa kun til verdsarvområdet, men Stranda kommune arbeider med ei eiga forskrift for heile sjøområdet i kommunen.

Alle prosjekt som er gjennomført dei siste åra og som vi særlig grad har arbeidd med i 2024, har hatt ei målsetjing og det er å skaffe eit heilskapleg bilde av mulige løysningar og forretningsmodellar fram i tid.

Praktiske prosesser og prosjekt som det er arbeidd med i 2024 og som vi vil ha fokus på i 2025 er:

- ✓ Fjord nettverket har stor prioritet. Dette skal bli eit velfungerande logistikkssystem for transport av gjester både på sjø og veg. Formålet er å levere den aller beste kvalitet for gjestane som ynskjer å oppleve Geirangerfjorden
- ✓ Tålegrenseanalyse er eit verktøy som kan nyttast i utvikling av eit reisemål. Spørsmåla er blant anna kva er anbefalt tålegrense for besøkande på eit reisemål. Kvar går denne grensa når det vert for mange reisande til eit reisemål på same tid og på same stad – og er det samsvar mellom infrastruktur, kapasitet og mengde turistar på ein destinasjon.
- ✓ AI-kamera og AI-løysningar for eit reinare fjordsystem. Stranda hamnevesen jobber med å kombinere moderne teknologi med samfunnsengasjement for finne eit reinare og bedre fjordsystem som kan bidra til å bevare og forbetre miljøet i fjorden. Implementering av slike løysningar krev eit samarbeid mellom teknologiske ekspertar, samt forskarar på miljø og lokalsamfunn for å oppnå eit best mulig resultat
- ✓ Ekspertutvalg er viktig i samband med alle våre prosjekt, spesielt nye kaianlegg og store investeringar. Her har vi henta inn ekspertar frå ulike fagfelt som har relevant kompetanse og erfaring. Ekspertutvalg vert ofte brukt i offentlig samanheng og for vår del har vi brukt ekspertutvalg for å få innsikt i komplekse spørsmål, vurdere ulike alternativ, gjennomføre undersøkingar, analysere data, og lage rapporter som oppsummerer funn. Målet med eit ekspertutvalg er å sikre at beslutningar vert tatt på eit solid faglig grunnlag, og at alle relevante aspekt vet ei sak vert vurdert.
- ✓ Grunn undersøking Stranda kai er eit prosjekt som er gjennomført for å kartlegge grunnforhold ved Stranda kai i samband med etablering av ny kaiinfrastruktur.
- ✓ Dybdemålingar utført av NORkyst er gjort på strategiske lokasjonar på Stranda, Hellesylt og i Geiranger.
- ✓ Forprosjekt Stranda cruise kai er etablert ilag med lokale investorar for å vurdere mulighetsrommet for ei ny cruisekai i Stranda sentrum.
- ✓ Hellesylt kaihus er strategisk viktig og Stranda hamnevesen vil bidra til at dette vert eit samlings- og formidlingspunkt, terminal mm.
- ✓ Eksisterande Hellesylt ferjekai er strategisk viktig for logistikk og distribusjon av passasjerar som vil sjå Geirangerfjorden. Med bakgrunn i dette så treng Stranda hamnevesen ein betydelig større kapasitet til mindre passasjerbåtar og ferjer.
- ✓ Kloakknett og forskrift. Stranda hamnevesen har sett opp og organisert midlertidige mottak av kloakk i Geiranger og Hellesylt. Vi har laga eit utkast til forskrift for heile sjøområdet som kommunen jobber med å få ferdigstilt.
- ✓ Miljøfyrtårnsertifisering og godkjenning av foretaket sin miljøpolicy stadfester at vi kan dokumentere miljøarbeidet vårt og at vi forpliktar oss til ei berekraftig utvikling og god miljøpraksis – noko som er i tråd med foretaket sin strategi. Det må årlig rapporterast på tiltak som er implementert, eller planlagt, for å redusere miljøavtrykket.
- ✓ LINJA eig nettanlegget og forsyning. Stranda hamnevesen KF disponerer grunn og yt av anleggsbidrag til straumforsyning. Vi kan få ein kapasitet på inntil 2 MW i Geiranger til forsyning av sjøbasert trafikk. På Hellesylt har vi inngått ei utredningsavtale med LINJA for å sjå om det også der kan sikrast nok nettkapasitet for å forsyne sjøbasert trafikk.
- ✓ Det er inngått ei leigeavtale med PLUG som operatør/ sal av straum på vegne av Stranda hamnevesen. PLUG får med ei leigeavtale av areal, ei mulighet til å etablere ladeinfrastruktur på strategiske lokasjonar og bygge offentleg tilgjengeleg ladeinfrastruktur for fartøy. Dette vert gjort i samråd med utleigar.

- ✓ Besøksbidrag der formålet er at dette skal brukast til å dekke felles oppgåver som kommunen sjølv ikkje greier å utføre. Dersom dette vert innført må alle områder av reiselivet vere med og det må vere eit mindre fast beløp. Innbyggjarane i kommuner, samt eigarar av eigedomar og næringsverksemd i kommuner bør ha fritak. Sjølve ordninga må vere eit forpliktande samarbeid mellom kommune og reiselivsnæringa.
- ✓ «Geiranger gjeste- og småbåthamn» er eit delprosjekt i samband innovasjonsprosjektet Grøn kai. Formålet her var å sjå på korleis ein kunne starte ei omstilling som ville vere nødvendig med tanke på fritidsbåtar og mindre fartøy Geiranger. Det vart spesielt sett fokus på å etablere ei ny brygge og hamneområde med fleire båtplassar og eit betre servicetilbod. Vidare er det gjort ei kartlegging av markedet og utarbeidd ein forretningsmodell for på drift av eit slikt anlegg. Prosjektet vart avslutta i 2024.
- ✓ Grøn kai infrastruktur er eit innovasjonsprosjekt der formålet har vore å finne konkrete, realistiske, økonomisk bærekraftig og attraktive løysningar for å imøtekomme kravet om nullutslepp i verdsarvfjordane. Prosjektet er gjennomført ilag med Møre og Romsdal Fylkeskommune, NTNU og private næringsaktørar. Det 3-årige prosjektet, som vart avslutta i 2023, har fått solid støtte frå Norges Forskningsråd og resultatet vart ei rekke gode innspel og forslag til løysningar.

I tillegg har vi arbeidd med, og vil fortsetje å arbeide med ein rekke mindre prosjekt som:

- ✓ Fjord og Stranda cruisenettverk
- ✓ Statistikk og faktagrunnlag på sjø og land
- ✓ Grønt skipsfartsprogram

Vårt klare mål er at vi skal bidra til å bygge opp eit robust og berekraftig fjordsystem samt sikre arbeidsplassar og busetjing.

Stranda 24. februar 2025

Per Erik Dalen
Styreleiar

Stein Lystad
Nestleiar

Anne Berit Tryggestad

Gro Anita Sve

Randi Sæter

Ole Jørgen Sve

Tor Waaler

Rita Berstad Maraak
Hammesjef

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 11 pages before this page

Dokumentet inneholder 11 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 11 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 11 sider før denne side

Detta dokument innehåller 11 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 12 pages before this page

Dokumentet inneholder 12 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 12 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 12 sider før denne side

Detta dokument innehåller 12 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende